

# LOM NASJONALPARKLANDSBY



*Frå fotokonkurransa. Fotograf: Mona Karin Brenna*

**Rapport 2013**  
**Av lokal koordinator Åshild Myhre Amundsen**

**Postadresse**  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
**E-post:** post@lom.kommune.no

**Besøksadresse**  
Midtgard  
[www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)

**Telefon**  
61217300

**Bank**  
2085.07.00010  
**Org.nr**  
959377677

## VSP - Lom nasjonalparklandsby – rapport 2013

Viser til tilsegn om midlar frå verdiskapingsprogrammet og felles tiltaksplan for dei fem nasjonalparklandsbyane.

Vedlagt følgjer ei liste over tiltak vi har starta opp med / fullført, knytt opp til den felles tiltaksplanen.

Regnskapsoversikt med underskrift frå økonomiansvarleg og prosjektansvarleg ligg vedlagt. Det vart løyvd i alt kroner 334 000 til Lom nasjonalparklandsby i 2013, og desse er vist som «statstilskot». I tillegg fekk Norsk Fjellmuseum kr. 200 000 for å vidareutvikle og slutføre Rådyrtrakket. Sistnemte blir det levert ein eigen rapport på. Unytta midlar reservert til uferdige tiltak er avsett på bunde driftsfond, og vil bli nytta i samband med vidareføring av prosjektet i 2014.

### SAMANDRAG 2013:

Totalt sett har det vore gjennomført mykje i regi av Lom nasjonalparklandsby i 2013.

Kort oppsummert inkluderer dette:

- totalt fire kurs med over 100 deltakar
- to større arrangement / markeringar
- opning ein ny turstig
- innkjøp av profileringsmateriell som handlenett og t-skjorter
- design og trykk av eit nytt sykkelkart på to språk
- design og produksjon av åtte nye tavler med forskjelleg tekst på tre språk
- tilskot til tre bedrifter i sertifiseringsprosessen
- vidareutviklinga av naturstigen Rådyrtrakket

Sjå detaljert rekneskap og meir utfyllande informasjon under.

Med helsing

Åshild Myhre Amundsen

**FØREBELS REGNSKAP 2013**

(alle priser eks. mva)

<b>2. OVERORDNET MERKEVAREBYGGING</b>	<b>BUDSJETT</b>	<b>REGNSKAP</b>
	<b>Tilskot VSP 2013:</b>	<b>VSP 2013</b>
<b>2.1: Informasjon - Profilering</b>	10000	
Gjenbruksnett		6470
Tilskot til Fjellmuseets venner		
Utkøyring gjenbruksnett (friviljugsentralen)		2000
Totalt profilering	10000	8470

**Tiltak, profilering:**

Lom har tidlegare satt fokus på miljøet ved å oppmode til bruk av gjenbruksnett i staden for plastposer. I år har det vore bestilt opp gjenbruksnett med nasjonalparklogo, kommunelogo og kommunens slagord «Kom til Lom» to gonger. Desse har vore delt ut til alle husstandar i Lom, saman med ein turinvitasjon til den nye turstigen som vart tilrettelagt i år. Her er eit bilde frå opningsturen, med landsbyvakta Egil Olav Nyrnes til høgre:



I tillegg fekk Fjellmuseets venner utbetalt kr. 5000 frå kommunen (Landsbyrådet) for å profilere nasjonalparklandsbyen og bistå med arrangement.

	<b>Tilskot VSP 2013:</b>	<b>Regnskap VSP 2013</b>
<b>3. Vertskapsrolla / ambassadørarbeid:</b>	99018	
<b>3.1. Vertskapskurs</b>		
Coop Ottadalen		99
Vertskapstskjorter		20000
Coop Ottadalen		46,4

Servering		
Servering		1622
<b>8.1 Landsbyvakt</b>		
Coop Ottadalen		1468,8
Coop Ottadalen		101,6
Coop Ottadalen		261,6
Coop Ottadalen		123,2
Coop Ottadalen		205,6
Coop Ottadalen		98,4
Coop Ottadalen		151,2
Coop Ottadalen		121,6
Gausdal landhandleri		432
Coop Ottadalen		323,84
Skjåk Gartneri	(Landsbyrådet)	
Ottadalen Mølle	(Landsbyrådet)	
Lønn mai-sept		28800
Arbeidsgiveravgift		1843,2
Avsetning feriepenger		4118,4
Arbeidsgiveravgift avs. Feriepenger		263,58
<b>Totalt landsbyvakt</b>	<b>99018</b>	<b>60080,42</b>

### Tiltak, ambassadørtiltak:

Alt vi gjer gjennom nasjonalparklandsbyen er utgangspunktet ambassadørarbeid. I 2013 prioriterte vi spesielt tre tiltak: landsbyvakt, t-skjorter og vertskapskurs.

Landsbyvakta: Tilsett frå mai-september. Han var ein Lomsambassadør gjennom heile sumaren og jobba med å halde sentrum attraktivt og merke / vedlikehalde turstigane.

T-skjorte: Vi laga også eigne landsby t-skjorter med nasjonalparklandsbylogo og slagord på, i blått og svart. Desse vart delt ut til deltararar på vertskapskurs, til bedrifter i Lom, til kommunestyrerepresentantar, til Landsbyrådet, til servicetorget i kommunen og til andre relevante Lomsambassadørar:



\* T-skjorta er enkelte justeringar i forhold til denne versjonen, men slagord, farge og logobruk er lik

Vertskapskurs: I samarbeid med Norsk Fjellmuseum og Jotunheimen Reiseliv (destinasjonsselskapet) arrangerte Lom nasjonalparklandsby eit vertskapskurs for servicenæringa i Lom, for både sumarhjelparar og faste tilsette. Det var lagt opp som eit kveldskurs, der alle som deltok fekk ein diplom og ei vertskap t-skjorte. I samarbeid med aktivitetsselskapa fekk alle gratis inngangsbillett på fleire populære attraksjonar og aktivitetar gjennom diplomet. Rundt 30 deltok på kurset:



Frå vertskapskurset «Bli ein Lomsvert» i 2013

	Tilskot VSP 2013:	Regnskap VSP 2013
<b>5.1: Miljøsertifisering</b>	70000	
<b>5.2: Sykkel</b>	25000	
Tekstarbeid, Athene prosjekt		11250
Design og trykk, Wera AS		21300
Totalt miljø	95000	32550*

### Tiltak, miljø:

#### Sykkelkart:

Lom fekk i oppdrag å lage eit sykkelkart som fleire landsbyar kunne dra lærdom av.

Dette har vi gjort, med å lage totalt fire turforslag basert på vegnettet rundt Lom. Kartet vart oversett til engelsk og norsk og er tilgjengeleg både på nett og på turistinformasjonen:





Alle karta til Lom finn du elektronisk her:

<http://www.lom.kommune.no/turkart.261607.nn.html>

#### Miljøsertifisering:

I tillegg har bedrifter vore oppmoda om å søkje stønad til miljøsertifisering. Fossheim og Norsk Fjellmuseum har fått stønad til re-sertifisering, mens Røisheim har fått støtte til sertifisering. I tillegg er Naturopplevingar i gong med å søkje om stønad.

\* Kostnaden til sertifisering framgår ikke i regnskapet over, men kvar bedrift har fått inntil 10 000 kvar, avgrensa til 50 % av totalkostnaden.

Så langt er det snakk om kr. 21 847 + inntil kr. 10 000 til Naturopplevingar.

	Tilskot VSP 2013	Regnskap VSP 2013
<b>6. Arrangement:</b>	50000	
3 sider i Lomsguiden		9000
Design brosjyre Veslum		2428
Opptrykk 10 000		10300
Distribusjon til husstander i Lom		2380
Plakat (30 stykk)		
Leie av fjellmuseet, 14. juni		
Kost Harald Pettersen		295,28
Overnatting Harald P.		1009
Logo		5000
Tilskot til Fjellmuseets venner		(Landsbyrådet)
Servering		1622
Julemarknad		20000
Totalt arrangement	50000	52034,28

## Tiltak, arrangement:

### 200-jubileum for fjellturismen i Jotunheimen:

I 2013 var det 200 år sidan botanikar Christen Smith var på fottur i Jotunheimen. Mange reknar han som «Jotunheimens oppdagar», og Landsbyrådet valgte derfor å bruke årets tilskot til å markere dette med forskjellege tiltak på ulike plasser i løpet av sumaren.

Etter eit opent møte vart det nedsatt ei arbeidsgruppe på fem som jobba med dette. Pengane gjekk til å marknadsføre dei ulike arrangementa, m.a. med ei brosjyre som vart delt ut saman med Lomsguiden. Fossheim Hotell, Norsk Fjellmuseum, Fjellmuseets venner, Bessheim, Glitterheim og Juvasshytta deltok med ulike arrangement, som t.d. botanisk tur langs Gjende, guida soloppgangstur på Galdhøpiggen, foredrag om Christen Smith, foredraget «postkort frå Jotunheimen» eigenkomponert «Smith-meny» m.m. Antall deltakarar på dei ulike arrangementa var varierande – helga på Bessheim var t.d. godt besøkt, mens foredraget med Christen Smith trakk få (mellan 10-15). Til 200-jubileumet fekk vi også tilskot frå regionkontoret:

Lomsguiden som blir delt ut både i Nord-Gudbrandsdalen og på vestlandet var ein av marknadsføringskanalane. Denne var delt ut saman med sjølve programmet:



### Julemarknad i Presthaugen:

I samarbeid med Aktiv i Lom, Friviljugsentralen og Lom bygdamuseum arrangerte Lom nasjonalparklandsby julemarknad i Presthaugen i 2013, med m.a. stands, øksekasting, nissebesøk, riding, historieforteljing og oppvarma lavvoar med servering. Julemarknaden hadde bra med besøk, men det er behov for enda fleire på stand til neste år. Mange hadde allereie bestemt seg for å selje varane sine på eit anna marknad pga. iskalde forhold året før. Det var bakgrunnen for at Landsbyrådet vedtok at ein skulle sponse oppvarma lavvoar i 2013.

Under kan du sjå nokre glimt frå julemarknaden:



	Tilskot VSP 2013:	Regnskap VSP 2013
<b>7. Produktutvikling:</b>		
<b>7.1 Fotokonkurranse</b>	10000	
Gåvekort, 2. premie		799,2
Gåvekort, 3. premie		500
Gåvekort, 1. premie		1000
<b>7.2 Kurs i bærekraft</b>		
<b>7.3 Kurs i opplevelsesdesign</b>		
<b>7.4. Fotografering</b>	40 000	40000
<b>Totalt produktutvikling</b>	50000	42299,2

#### Tiltak, produktutvikling:

Fotokonkurransen «Aktiv i Lom»: Både som eit profileringstiltak og for å få inn gode foto frå nasjonalparklandsbyen vart det gjennomført ei fotokonkurransen med temaet «Aktiv i Lom». Det kom inn om lag 40 bidrag, og ein jury på tre (inkl. jurymedlem frå den lokale fotoklubben «Knipsarlaget» kåra første, andre og tredjepris. Fyrstepremien var eit weekendopphald på Venabu Fjellhotell med fotokurs.

Vinnarbilete under er tatt av Åsmund Galde ved Gjendetunga i Jotunheimen:



### **Kurs i bærekraft og opplevelsesdesign:**

Som planlagt vart to Innovasjon Norge kurs gjennomført i Lom i løpet av 2013, i samarbeid med Jotunheimen Reiseliv, Nasjonalparkriket Reiseliv og Nord-Gudbrandsdalen Næringsforening. Begge kursa var fullteikna med over 20 deltakarar frå både Lom, Skjåk, Vågå, Dovre, Lesja, Sel, Lillehammer, Oppdal m.fl.

Begge kursa vart gjennomført på Fossheim Hotell i Lom, med nasjonalparklandsbyen som teknisk arrangør. Tilbakemeldingane frå kursdeltakarane har vore positive, og har gitt både fagleg utbytte i tillegg til nettverksbygging. For meir informasjon om deltakarar, program m.m, sjå eigen rapport. I tillegg har det vore gjennomført eit BKA-kurs (basiskompetanse i arbeidslivet) for 27 deltakarar.





	Tilskot VSP 2013:	Regnskap VSP 2013
<b>8. Infrastrukturtiltak:</b>	100000	
<b>8.2. Fotturkart og Bergomsrundeskilt</b>		
Oversetting tysk		
Oversetting engelsk		4050
Oversetting nederlands		1064
Trykking (wera as), brosjyre		23800
Design, brosjyre + kart		12000
Transport, tavler		1120
Produksjon tavler		19270
Arbeid, Nils Teigen		27149
Fotturkart Bøverdalens		5800
Skilt, turstig		6295,2
Totalt	100000	100548,2

### Tiltak, infrastruktur:

Ny fottur: Turnettet rundt nasjonalparklandsbyen har vorte utvida kvart år, og i 2013 vart det utvida med ein ny rundtur om Myrskaret som bygger vidare på eksisterande turnett. Denne vart opna med ein felles tur ein vakker haustdag med kake og god stemning (sjå biletet under «profilering»).

Oppgradering av fotturkartet og Bergomsrunda: Som følgje av den nye turstigen og fleire andre småting var det behov for å revidere fotturkartet. Oversetting var naudsynt sidan kartet finst på både norsk, engelsk og tysk. Det var trykt opp 10 000 nye kart i 2013, der alle vart brukt opp i løpet av sumaren. Karta er tilgjengelege på turistkontoret og i Lom sentrum (i eigne kasser under informasjonsskilta).

Nye informasjonstavler i sentrum: Basert på brosjyrane vart dei gamle informasjonstavlene i sentrum bytta ut, slik at design og tekst var tilsvarande på tavla som i brosjyren. Resultatet vart fem nye mindre tavler og tre store, alt på tre språk:



### **Administrasjon og møter i Landsbyrådet 2013:**

Lom nasjonalparklandsby er organisert på den måten at formannskapet er styringsgruppe, mens Landsbyrådet er nedsatt som ei arbeidsgruppe. Denne består av representantar frå Norsk Fjellmuseum, Jotunheimen Reiseliv, ungdomsrådet, Lom næringsforum / Handelsstanden og formannskapet. Koordinator er sekretær. Leiar av Landsbyrådet i 2013 var Kristine Sørli fra Norsk Fjellmuseum. Til saman vart det gjennomført fire møter i landsbyrådet dette året. Næringssjefen har vore tilsett som landsbykoordinator i 40 % stilling. I tillegg har landsbyvakta jobba på timesbasis frå mai-september, og folkehelsekoordinator Anne Marstein jobba i 20 % på prosjektet i sumar.